

Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 3

november 2002

Årgang 12

Viktig melding!

*”Valdres Folkemusikklag som
diskusjonsforum”,
21. november kl. 19.00
på Briskeby Cafe, Fagernes*



Den nye leiaren i LFS,
Randi Skeie, i armane på
tre svært ivrige valdrisar



Innhald

Gode lesar av Låt o Link!	2
Helsing frå Brüssel	3
Nytt diskusjonsforum!	4
Øystre Slidre spel- og dansarlag	5
Per Sæmund Bjørkum og Jon Faukstad..	6
5. dagsfest i Etnedal	6

Helsing frå »Søta bror»	7
Referat frå Årsmøte i LFS	8
ETTERLYSNING	9
Samankomst i Valdreskvelven	10
I Valdrestakt informerar:	10
Vestre Slidre folkemusikk- og danselag .	11
Primstaven, nov. 2002	12

GODE LESAR AV LÅT O LINK!

(Leiarens ord)

Valdres folkepratlag!

”Du skulde spela meir og prate mindre du”, -sitat frå eit anna dalføre, men oftast ei fornuftig oppmoding.. Å få *mange* til å spela og danse *mykje* er grunnleggjande for eit folkemusikklag, det ligg i namnet. Likevel ser de at Vfl. oppmodar til det motsette den 21. november. Ikkje tru at målet er å bli folkepratlag i verste tyding! Nei, målet er å laga eit forum for friske idear og meiningar om folkemusikk/dans-arbeidet i Valdres. Det er så altfor sjeldan me møtest slik, litt uformelt utan sakliste, pratar om det folk har lyst til der og då. Styremøter har sjeldan rom for slikt, og årsmøtet i Vfl. blir så prega av oppsummering at ein knapt får tid til å drøfte arbeidsprogram for framtida. Om de finn at dette er ein god ide vil me ha fleire slike ”Vfl. som diskusjonsforum”, spesielt i passe tid før årsmøtet, som grunnlag for eit godt ”terreng-gåande” arbeidsprogram.

Det er mange, store ballar i lufta for Vfl. Den store utfordringa på sikt blir sjølv sagt Landskappleiken 2006. Å danne rammer og godt innhald for ei slik tilskipping er valdrisane gode på. Eit stort mannskap skal i sving, og me er visse om at du som les dette her har lyst til å ha med deg moroa som ei brikke i spelet. Me er svært glade for at generalen er funnen, og at det er Ola N. Døvre! Det blir spanande med Beitostølen som arena. Der er det nok husrom. Men me søker ikkje slike utfordringar vore det ikkje fordi me trur prosessen er viktig. Me må bruke åra fram mot 2006 for alt det er verd til å skapa driv i seila for folkemusikk/dans-arbeidet. Det verkar samlande på miljøet, ny-rekrutterande, dreg folk ut av go’stolen i positiv aktivitet med lokalkultur som middel. Konkrete tiltak er eit typisk emne for diskusjonsforumet..

Jørn Hilme-stemnet er ‘og i medvind. Ny leiar er Anne Marie Aastad Bråten, sær s ryddig dame med brei erfaring frå hovudnemnda, tidlegare som tevlingsleiar. Kulturkomiteen på Stortinget vitja museet 14. oktober, og Solveig fekk høve til å presentere JH-stemnet for ei lydhør forsamling. Dansen og spelet i Skattebustogo og måltidet i det trivelege tette miljøet på Nystogo gav kanskje meir Jørn Hilme-stemne-stemming enn ord kan formidle.

På representantskapsmøtet i Rådet for Folkemusikk og Folkedans i Trondheim

for eit par-tre veker sidan var óg valdrisane på deltakarbenken. Slikt er vorte viktig, vera på rett plass til rett tid. Elisabet Kværne har vore rådsmedlem i fleire periodar og har tid tider sakna at valdrisen har stilt opp for å tala den jamne dansesko- og strengslitaren si sak oppover i organisasjonane. Valdrisar var óg på årsmøtet i Landslaget for Spelemenn 8. – 10. november.

Så vart denne artikkelen prega av prat og prateforum, - sjølv om det absolutt ikkje er det viktigaste i arbeidet vårt. Nei, det jamne som dreg folk i alle aldrar inn i læte og link, grasrotarbeidet, lokallagsarbeidet, godt samvær, det er det avgjerande og viktige! Berre sjå den fyldige Primstaven! Det er uerstatteleg det arbeidet de legg ned i lokallaga rundt om! Hugs det om det stundo går trått, ingen annan tek vare på desse verdiane om me sjølve ikkje er ansvaret bevisst! Me går inn i julemånaden snart, og om det er litt tidleg, så er dette einaste høvet gjennom Låt o Link til å ynskje alle ei God Jul med mykje dans og spel!

HELSING FRÅ BRÜSSEL

Hei!

Ellen ba meg skrive noen linjer. Håper dette ikke kommer for sent.

Altså

Her kommer en liten hilsen fra en ensom fiolinbyggerstudent i Brussel Ja, nå er jeg altså ute i praksis for siste gang. De to siste, av i alt åtte måneder, fordelt på tre års studier. Praktiserer for øyeblikket i Maison Bernard, et forholdsvis stort verksted, som er drevet av fiolinmakeren Jean Strick og buemakeren Pierre Guillaume. Et hyggelig verksted, hvor jeg lærer mye.

Tidligere praksisperioder har jeg tilbragt i Cremona (3 mnd), og i Oslo, hos Ferdinand Storn, som i sin tid gikk samme skolen som jeg studerer ved.

«Fiolbyggerlinjen» er en av flere håndverks-utdannelser ved Höyskolen i Dalarna. Den kan sies å være unik på den måten at studentene får tilbringe nesten 1/3 av studietiden i private verksteder i inn og utland. Dette kan til tider gi en litt panikkartet følelse av å leve i en koffert, men læringsutbyttet er bra.

Kullet mitt skal uteksamineres nå i vår, ved en prøve som består i å bygge en fiolin/bratch/cello, innen en viss tidsramme. Ved bestått prøve mottar man et såkalt »gesellbrev», som bekreftelse på at man har fullført elevstadiet, og kan betegnes som Gesell (lærling). -Siden får man lære seg mer ved arbeidserfaring, gjerne hos en erfaren mester i faget. Toppen på stigen er mesterbrev, og forhåpentligvis et eget verksted som man kan tjene nok på til å klare seg selv.

Så gjenstår det bare å se hvordan det går.....

Masse hilsener fra Bergljot Hedda

NYTT DISKUSJONSFORUM!

Attåt å danse og spela er folkemusikarar ofte opptekne av meiningsutveksling om hobbyen sin. Har det mangla eit forum for dette, for idémyldring og perspektiv? Ja, meiner styret i folkemusikklaget som ser at ansvaret for treffpunktet, og ynskje om impulsar ligg nett hjå Vfl. Difor er det no opna for

”Valdres Folkemusikklag som diskusjonsforum”

21. november kl. 19.00 på Briskeby Cafe, Fagernes.

Briskeby Cafe er ein miljøkafe som vil vera ei triveleg ramme kring praten. Prøv kaffi på ein annan måte attåt kaka.

Kva med sakliste? Nei, dette er møte der *de* bestemmer emna. Nokre stikkord kan vera; satsing på folkedans, profilen til kappleikane/stemnene våre, Valdres Folkemusikkgruppe, folkemusikken/dansen inn i skulane, Låt o Link, ungdomssatsinga, opplæringsarbeid, styrestrukturen i Vfl, (bør det vera lagsrepresentasjon eller ”brennfor-representasjon?”), ”rikspolitiske” retningar for folkemusikk/dans-arbeidet, folkemusikk-kafè i framtida.....

Men like viktig; møtet opnar med

Minikonsert med Knut Opheimsbakken!



Knut vil formidle musikk frå kjelder han set høgt, og me trur stemninga rundt kaffien blir til forveksling lik eit heimebesøk hjå ein stillfaren spelemann.

Me håpar at de fyller opp bilar frå alle kommunane så denne møtemåten får ein knallstart!

Hjarteleg velkomne er de alle!!

ØYSTRE SLIDRE SPEL- OG DANSARLAG

Fredagsdans !

Øystre Slidre spel- og dansarlag inviterer alle folkemusikkinteresserte i heile Valdres til å koma på fredagsdansane våre fyrste fredagen i kvar månad.

Fredagdansane framover blir:

Før Jul:

6. desember på Solhaug.

Rakfiskfest og konsert med ”Majorstuen spelemannslag”.

(Sjå annonse i avisa Valdres)

Etter jul:

7. februar: Herangtunet.

7. mars: Herangtunet.

Hugs Syndagsdansane i ”Spelemannstogo” !

24. november, 15. desember, **Siste danseøving før jul !** 19. januar, 2. februar, 16. februar, 2. mars, 16. mars

Danseleiarar er: Sissel B. Røine og Magnhild Haugen.

Songsamlingar !

Det er songsamling før danseøvingane frå klokka 19 00 og fram til dansen byrjar. Alle ferske og drevne songfuglar hjarteleg velkomne. Her byter me på å lære bort nytt repertoar.

Danseøvingane og songsamlingane er på i Spelemannstogo på Herangtunet.

Nyttårsfeiring og 6. dags-fest !

Som vanleg skal me ha nyttårsfeiring i låven på Herangtunet på Nyttårsaftan. Dette har etterkvart vorte ein tradisjon. Mykje god mat, drikke, dans og moro heile natta !

Sidan det er mange folkemusikkinteresserte folk i Valdres i jula har me funne ut at me skal samlast til dans og moro også 6. juledag. (30. desember) Denne blir i Spelemannstogo ! Håpar at dei som ikkje har høve til å koma på sjølve Nyttårsfesten kan få ein smakebit kvelden før. Sjå annonse i avisa Valdres. For meir informasjon ring 90722690.

Helsing Øystre Slidre Spel og dansarlag

v / Stian Roland tlf: 90722690 epost: rolandstian@hotmail.com

PER SÆMUND BJØRKUM OG JON FAUKSTAD

heldt ein drivande god konsert på Åsvang den 3. november. Etter 20 år var Faulkastad tilbake



5. DAGSFEST I ETNEDAL

Tid: 29. desember klokka 19.30

Stad: Samfunnshuset

Medlemsfest.

Aldersgrense 20 år.

Hagens trio spelar til dans.

Etnedal spel-og dansarlag



att, og saman med den mykje yngre Bjørkum tok dei oss med på ei lang musikalsk vandring langs tradisjonsliner som var ukjent for dei fleste i salen. Likevel fekk vi høyre musikk som vi drog godt kjensel på.

Det var ei stor oppleving å få to så markante musistarar på så nært hald, og dei vel 30 som møtte fram kan berre skriva under på at her var det altfor mange som gjekk glipp av noko sers fint.



Det var tid til litt samtale med musistarane etter konserten. Frå venstre: Jon Faulkastad, Per Sæmund Bjørkum, Ola Grihamar og Jon Eggen.

HELSING FRÅ »SØTA BROR»

Kjære valdriser

Her kommer en liten stemningsrapport om hvordan det er å være valdresing og hardingfelespelemann i Stockholm.

Hvordan man overlever når man står i midten av 20 flatfeler, fordelt i tre grupper som spiller på hver sin låt, og i tillegg må forholde seg til at alle snakker svensk.

Da savner man Valdres.

Da savner man sene kvelder på Herang, med Tore bak rattet og foruten hardingfelas såre krystallrøst, endeløs stillhet i to miles omkrets, og muligheten til å lytte til spelet - både for spelemann og alle andre.

Man savner også lavmælte, høflige valdriser med sin vakre dialekt like musikalsk og rik som spelet.

-Undertegnede beklager her sitt naturlige, men dog svikfulle "oslomål".

Men om svenskene kanskje ikke er så gode til å lytte, så har de en annen ting felles med valdrisene - de er flinke til å feste! Og med litt overbærenhet i forbindelse med lydkaoset som lett kan oppstå overalt hvor det finnes spelemenn, så har jeg blitt mektig imponert over det store, pulserende, levende, rike og inkluderende folkemusikkmiljøet i Stockholm. (For ikke å nevne Uppsala - se neste nummer.)

Det kryr av fantastisk dyktige uhøytidelige og relativt ukjente spelemenn. De viser en bredde som Valdres og hele Norge bare drømmer om.

Dette var altså førsteinntrykket, men så begynte hverdagen.

Den grå hverdagen.

Den var lyserosa med sukker på.

For fra å være en middels god valdresspelemann (i beit og utpå kvelden godt verdsatt, ellers på en skala fra 1 til 10 trolig klar femmer) var jeg på et blunk helt konge! De elsker hardingfela og de elsker Valdresspringaren, og toppspelemenn behandler meg med dyp respekt fordi de ikke skjønner bæra. De er vant til å ta slåtter etter en gjennomkjøring, men når jeg kommer med vår unike tradisjonsarv, da skjønner de ikke bæra.

Vennlig hilsen Gudrun Helene

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I LFS

Kongsberg 9. og 10. november 2002.

Nye takter frå LfS.

Det var vedtaket frå styret om fjerning av poeng- og premiegrad-systemet som skapte mest debatt i år. Likevel fekk styret nærast einstemmig tillit frå årsmøtelyden til å gjen-nomføre vedtaket som ei prøveordning. Full tillit fekk også Randi Skeie, som vart vald til ny leiar i LfS til ståande applaus.

Årsmøtet opna med seminar og debatt kring den frå før mykje omdiskuterte Arnestad-rapporten. Mannen bak avhandlninga, Georg Arnestad, teiknar eit krast bilete av LfS som ein tungrodd demokratisk organisasjon som ikkje er i stand til å orientere seg i det nye folkemusikalske landskapet. Den moderne tida med individualisme, kommersialisering og profesjonalisering formar rammene som folkemusikken blir presentert innanfor. Slik blir også gapet mellom toppen og botnen for stort, meiner han. Mellom anna forsvinn dei naturlege arenaene for dans som samversform. Arnestad går nesten så langt som å seie at dansen er ein utdøyande art i folkemusikkNoreg. Heldigvis går ikkje ein slik påstand upåakta hen. Som representant for Rådet for Folkemusikk (Rff), gjekk Elisabeth Kværne til frontalangrep på store delar av rapporten. I hovudsak gjekk kritikken ut på at rapporten er tufta på snever informasjon frå dei øverste sjikta i miljøet. Slik blir rapporten kun ei svartmålande generalisering som ikkje tek omsyn til det mangfaldet som finns i lokal-miljøa.

Opprettar ny stilling.

Avtroppande leiar Trond Ole Haug tok mykje av kritikken frå Arnestad på alvor. Særleg den kritikken som går på organisatorisk og kulturpolitisk arbeid i LfS. Han understreka viktigheita av det gode samarbeidsklimaet som herskar mellom folkemusikkorganisasjonane i dag. Haug argumenterte også sterkt for styret sitt ynskje om oppretting av ei ny stilling i laget. Denne stillinga vil stå som eit bindeledd mellom det sentrale organet og lokallaga i samband med organisering av landskappleik og landsfestival. I tillegg vil stillinga innebere å jobbe fram gode sponsoravtaler. Motargumenta vart lista opp av mellom andre Johan Vaa og Sigmund Eikås, som meinte desse midla heller burde gå til å lønne lokale krefter ved tilskipinga av store arrangement. Som svar vart det hevda at ei slik stilling vil kvalitetssikre arrangementa gjennom kontinuitet og stabilitet.

Poenglaus premiering.

Styret har gjort eit vedtak som vekte sterke kjensler og heit debatt under møtet. Frå og med neste år vil poengsum og premiegrad fjernast frå premielistene på landskappleiken. Argumentasjonen frå styret var mellom anna at kappleikssystemet bør forenklast. Ingen dommarar brukar poengsystemet likt, og det blir dermed kunstig å forhalde seg til poeng som varierer så mykje frå år til år. Styret har fullmakt til å ta ei slik avgjerd, men på grunn

av sterke protestar frå salen, vart det halde ei uformell avstemming som ein peikepinn for styret. Avstemminga ga styret så og seie full tillit, og vedtaket blir altså sett ut i livet som ei prøveordning til sommaren.

Hedmark Folkemusikklag fremja i fjor saka om kor vidt durspellag kunne bli medlem i LfS. Bakgrunnen har vore usemje i folkemusikkmiljøet om statusen til durspeltradisjonar og om dette kan kallast folkemusikk. Debatten har rulla sidan 1996. Saka vart teke opp att i år, og årsmøtet vedtok med stort fleirtal at også durspellag har sin plass i LfS.

Sterkt frå Valdres.

Til slutt takka det gamle styret for seg. Leiar Trond-Ole Haug og nestleiar Ola Stave gjekk ut av styret. Inn kom Jan Lislien, og som den fyrste kvinnelege leiaren i LfS nokon gong kom Randi Skeie. Ho vart ønskt velkomen med unisont trampeklapp frå salen. I si fyrste tale understreka ho kor stolt og samstundes audmjuk ho er over for oppgåva. Ekstra moro var det at ho understreka si sterke tilknytning til Valdres. Randi Skeie har nemleg røtene sine i Vang. I det nye styret vart Frode Rolandsgard valt inn som fyrste vara. Også blant årsmøtelyden var Valdres godt representert. Frå Valdres Folkemusikklag stilte Solveig Hårdnes. Frå Øystre Slidre kom Stian Roland, Sidsel Røine og Kari Steinsrud. Vårflaumen sendte Tone Voldhaug og Alice Gudheim. Likevel er det synd at ikkje fleire av lokallaga deltok. Eit årsmøte gjev inspirasjon og nye perspektiv på det arbeidet som skal gjerast lokalt. Det er meiningsfullt og nyttig å høyre korleis andre lag tenkjer og handlar. Ofte er det dei same problemstillingane som går att frå distrikt til distrikt. Sist, men ikkje minst: ein blir engasjert. Og engasjementet er det desidert viktigaste ein kan ta med seg heimatt til laget sitt.

Det nye styret i LfS ser slik ut:

Leiar: Randi Skeie, Lillehammer

Styremedlem: Aud Manheim, Morgedal

Jan Lislien, Numedal

Arne M. Sølvsberg, Stryn

Magne Eggen Haugom, Rørros

1.vara: Frode Rolandsgard, Valdres/ Oslo

2.vara: Torleiv Løyland, Valle

3.vara: Jorunn Marie Kvernberg, Molde/ Oslo

Ref. Alice Gudheim

ETTERLYSNING

Går det an å somle bort ein langeleik ???

Eg har prøvd, og er ganske så fortvila over å ha klart det.

Har du sett ein «Viken leik» nr 144, beisa raubron, i bron lasert kasse så ring meg og bli min redningsmann ! Leiken tilhøyrer Vårflaumen.

Helsing Elisabeth Kværne

SAMANKOMST I VALDRESKVELVEN

tysdag 26. november kl. 19.30 på Thorpe skule for ungar, foreldre og medlemmer i Valdreskvelven.

Hallingdansen blir flytt frå Åsvang til Thorpe skule denne kvelden.

Spelemannslaget med Trygve Bolstad kjem, langeleikspelarane blir med.

Me har invitert gjester som skal vera med oss å danse. Det blir parhalling med Solveig Hårdnes, fleire kjenner ho frå "Strunkeveko", og me skal ta opp att gode takter derifrå.

De skal få vera med på gamaldans med Jørgen Trøen.

Når det gjeld dans, blir det enkel innføring til å byrja med og fritt fram etterpå, både for nybyrjarar og vidarekomne.

Traktering skal det bli !

Det blir dans og spel, så kom å bli med.

Då vonar me at de set av kvelden.

Velkomen

Helsing frå styret i Valdreskvelven spel og dansarlag.

Ingrid, Kari, Nils R., Tron, Karin

I VALDRESTAKT INFORMERAR:

Ungdomsgruppa I Valdrestakt har etter ein fin kappleikssumar, kome i gang att med dansekveidar på Slidrehuset annakvar sundag. Sigrane på Landskappleiken i Vågå og Jørn Hilme-stemnet har vore til inspirasjon for vidare innsats. Blant anna skal gruppa vera med under den årlege SKARKA på Valdres Folkemuseum i desember. Sundag 3. november var det i tillegg oppstart på kurs for nybegynnara i valdres-springar. Kurset blir halde frå 19.00 til 20.00 med forskjellige instruktørar frå gong til gong. Om lag 25 ungdommer tok turen innom denne første kurskvelden.

Her er oversikt over dei fylgjande dansekveldene på Slidrehuset.

17. november

1. desember: SKARKE. Flatøigardsbygningen på Valdres Folkemuseum

15. desember: Juleavslutning med bevertning!

VESTRE SLIDRE FOLKEMUSIKK- OG DANSELAG

har hatt danseøvingar i haust, 1. og 18. oktober. Engebret Ringen og Knut Opheimsbakken har vore spelemenn. Laget kunne nok ynskje fleire på dansegolv, men gjev med dette medlemmane ei påminning til seinare samkome. 16. november er det **FØLKEPØBB** på Fosheim Skyss-stasjon i Røn, og 29. november bed laget inn til **RAKFISKKVELD** på Røn gamle skule. (Sjå annonse seinare.) Årsmøtet blir sist i januar, det blir òg annonsert. Elles kan laget melde om stor aktivitet på langeleikspelarane. Omlag ti spelarar går jamnt til øving og oppløring. Hardingfelespelarar er det færre av, men laget har ved hjelp av midlar frå Norsk Kulturråd investert i to småfeler i haust. Laget gleder seg over at I Valdrestakt har kome godt i gang sidan dette er tilbod som òg vestreslidningar tek del i!

<p>Landbruksforsikring</p> <p>Vi kan ordne alle forsikringar for jordbrukere.</p> <ul style="list-style-type: none">• Bølgjes• Dyreforsikringar• Lønns• Husdyr• Traktorar• Ubbelar <p>Ta kontakt med din lokale sparebank eller Turbjørn Langvågslid ved vår felles salgskontor på Fagernes</p>	
	<p>Private forsikringar</p> <p>Vi kan ordne alle forsikringar for privatkunder</p> <ul style="list-style-type: none">• Bølgjes• Ellev• Friluftslivsmedar• Vinterutrusting i utleid• Helseforsikring• Verktøymedar <p>Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vår felles salgskontor på Fagernes</p>
<p>Livsforikring</p> <p>Vi kan dekkje alle dine behov for forikring av liv og helse</p> <ul style="list-style-type: none">• Død• Ulykkkapital• Livsoppsparing• Operasjonsforikring• Kritisk sjukdom• Barneforikring <p>Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vår felles salgskontor på Fagernes</p>	
 <p>Etneidal Sparebank – tlf. 61121500 – www.etneidalssparebank.no Vang Sparebank – tlf. 61367600 – www.vang-spb.no Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – www.slidrebanken.no Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – www.osbank.no Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – www.sparebankgruppa.no</p>	

B

PRIMSTAVEN, NOV. 2002

- 18 nov. Nybyrjarkurs kl 18, Springarøving kl 19.30, Valdreslaget i Oslo
21 nov. Diskusjonsforum, Valdres folkemusikklag, Briskeby cafe
24 nov. Minikurs, Valdrespr. kl 18, Sundagsdans, Valdreslaget i Oslo
24 nov. Danseøving kl 19.30, Spelemannsstogo, Øystre Slidre sp.d.lag
24 nov. Danseøving, I Valdrestakt
26 nov. Dans og spel i Tørpegaradn i Vang
29 nov. Rakfiskkveld, Gamle skula i Røn, Vestre Slidre fm.d.lag
02 des. Springarøving kl 19.30, Valdreslaget i Oslo
02 des. Skarke, Valdres folkemuseum
06 des. Majorstuen, konsert og fest Solhaug, Øystre Slidre sp.d.lag
08 des. Danseøving, I Valdrestakt
15 des. Danseøving kl 19.30, Spelemannsstogo, Øystre Slidre sp.d.lag
31 des. Nyårsfest, Øystre Slidre sp.d.lag
29 mars 2003 Lokalkappleiken i Øystre Slidre. Årsmøtet i VFL blir same helg, men datoen er ikkje fastsett enno.

Grindadn i vinterstorm og -sol



Valdres Folkemusikklag, Tynvegen 27, 2900 Fagernes.

Tlf. 613 64671 Faks. 613 59901

E-post: vfl@sensewave.com